



Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Vår ref.
25/1308-4

Dykkar ref.
Sakshandsamar
Sebastian Hjertager
Lund

Direktenr

Arkiv
K2-S11

Dato:
18.09.2025

Høringsuttalelse 202514643 - Fråsegn til søknad om planendring for Offerdal Kraftverk AS, Årdal kommune

Det vert synt til høyringsbrev frå NVE datert 19.08.2025 vedrørande planendring for Offerdal Kraftverk AS.

Kommunen har tidlegare vore involvert i prosessen og planlegginga for Offerdal kraftverk, og kjenner til dei overordna rammene for planane, inkludert eksisterande løyve, nettilknytning og tilhøyrande konsesjonsvilkår. Det er i denne høyringa søkt om fleire tekniske og trasejusterande endringar, som i hovudsak gjeld:

- Overgang frå dykka til tyrolerinntak ved begge kraftverka
- Flytting og tekniske justeringar av tunnelar, stasjonsplassering, utløp, deponi og Transformatorar
- Ny nettilknytning via jord- og sjøkablar, samt endra trasé for kraftoverføringa

Etter gjennomgang av søknadsdokumenta har Årdal kommune ingen merknader til dei tekniske endringane i prosjektet. Når det gjeld flytting av massedeponiet, tilrår kommunen at det aktuelle området vert grundig kartlagt i tråd med naturmangfaldlova og gjeldande metodikk for konsekvensutgreiingar. Notatet viser til funn av éin nær trua art, og registreringar i Artsdatabanken indikerer at det tidlegare òg er registrert ein nær trua art i det same området.

Kommunen legg i tillegg til grunn eit ynskje om at vegen som i dag går gjennom gardstunet på Åsete, vert lagt utanom garden som del av utbetningsarbeidet. Med utgangspunkt i det ovanståande vurderer kommunen at det ikkje er behov for ytterlegare fråsegn utover denne orienteringa.

Vi merkar oss at fleire av endringane inneber teknisk forbetring, redusert inngrep i overflatelandskap, samt betre løysingar for plassering av anlegg (t.d. flytting av transformatorar inn i fjell). Dette vurderer vi som positivt.

Årdal kommune har ikkje merknader til dei omsøkte planendringane, og ser ikkje grunnlag for å fremje fråsegn utover det som her er sagt.

Med helsing



Sebastian Hjertager Lund
Kommuneplanleggar